



Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

22/7455-6

4. januar 2023

Dokument 8 42 S (2022-2023) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hilde Marie Gaebpie Danielsen, Marian Hussain, Kathy Lie, Andreas Sjalg Unneland og Grete Wold

Eg viser til brev av 22. november 2022 frå Kommunal- og forvaltningskomiteen. Eg er invitert til å vurdere Dokument 8:42 S (2022–2023) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hilde Marie Gaebpie Danielsen, Marian Hussain, Kathy Lie, Andreas Sjalg Unneland og Grete Wold om hets mot samar og nasjonale minoritetar. Representantane ber om at regjeringa svarar ut fem forslag for å styrkje innsatsen mot hets mot samar og nasjonale minoritetar.

Eg gir i det følgjande aktuell bakgrunnsinformasjon for kvart av dei fem forslaga.

- 1. Stortinget ber regjeringa sette i gang et nasjonalt kompetanseløft om samer og nasjonale minoriteter for alle lærere og lærerutdanninger. Sametinget og nasjonale minoritetsorganisasjoner må være samarbeidspartnere for å kvalitetssikre innholdet.**

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver legg til grunn at «alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som FN-konvensjonen av 20. november 1989 om rettane til barnet (barnekonvensjonen) og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar (ILO-konvensjonen). Vidare heiter det at «Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet.» Under fagområdet Nærmiljø og samfunn heiter det at fagområdet «skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar. Grupper med langvarig tilknytning til eit land er definerte som nasjonale minoritetar. I Noreg er kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, romar og romanifolk/taterar nasjonale minoritetar.»

Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa – som er ein del av læreplanverket, slår fast at: «Gjennom opplæringa skal elevane få innsikt i historia, kulturen, samfunnslivet og rettane til det samiske urfolket. Elevane skal lære om mangfald og variasjon innanfor samisk kultur og samfunnsliv. Fem folkegrupper med hundreårlang tilknytning til Noreg har status som nasjonale minoritetar i tråd med dei internasjonale forpliktingane våre: jødar, kvenar/norskfinnar, skogfinnar, rom og romanifolket/taterar. Desse folkegruppene har bidratt til å forme den norske kulturarven, og opplæringa skal gi kunnskap om desse folkegruppene.»

I rammeplanane for dei ulike lærarutdanningane heiter det at «utdanningene skal kvalifisere studentene til å ivareta opplæring om samiske forhold, herunder kjennskap til den statusen urfolk har internasjonalt, og samiske elevers rett til opplæring i tråd med opplæringsloven og gjeldende læreplanverk.» Det står ikkje noko eksplisitt om dei nasjonale minoritetane, men perspektiv om mangfald, inkludering og mobbing er gjennomgåande.

Dembra (Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme) tilbyr rettleiing, kurs og nettbaserte ressursar for førebygging av ulike former for gruppefiendskap, som fordomar, framandfrykt og ekstremisme, rasisme, antisemittisme og muslimfiendskap. Kjernen i Dembra er førebygging gjennom å byggje demokratisk kompetanse, med inkludering og deltaking, kritisk tenking og kompetanse i mangfald som sentrale prinsipp. Tilbodet er retta mot barneskular, ungdomsskular, vidaregåande opplæring og lærarutdanningar i Noreg. 120 skular har delteke i Dembra og nærare 4000 lærarar har fått opplæring. 72 lærarutdannarar ved 11 lærarutdanningsinstitusjonar har delteke i Dembra for lærarutdanninga.

Dembra sitt fokus på undervisningspraksis, profesjonskompetanse, planar og skulemiljø støttar skule og lærarutdanning med å verkeleggjere fagfornyinga og verdiane og prinsippa i læreplanens overordna del.

Dembra for lærarutdanninga (Dembra LU) starta i 2018 med samarbeid med seks lærarutdanningsinstitusjonar. Desse har utvikla og gjennomført undervisning om Dembra-relaterte tema. Opplegga og fagtekstar blir publiserte som ein del av dembra.no, og vil vere tilgjengelege både for lærarutdannarar, studentar, lærarar og skuleleiarar. I 2020 byrja eit samarbeid med fem nye lærarinstitusjonar.

Omsetjinga av dembra.no til nord-, sør- og lulesamisk er ein viktig ressurs i arbeidet med førebygging av fordomar og rasisme i samiske skular og for lærarar som underviser på samisk.

I 2017 publiserte Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoritetar (HL-senteret) undervisningsressursar om nasjonale minoritetar på dembra.no på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Tilsvarande ressursar vart utvikla om samar same år, med HL-senteret sine eigne midlar. Ressursane er no samla på dembra.no under temaet Urfolk og nasjonale minoritetar. I desse ressursane inngår også seks tips for å undervise om urfolk og nasjonale minoritetar. Desse tipsa gir lærarar med ulik kompetanse eit godt utgangspunkt for undervisninga om tema.

I ramma av Dembra for lærarutdanninga (Dembra LU) utvikla Universitet i Sørøst-Noreg (USN) publikasjonen *Å lytta til – og å engasjere seg i forteljingar*. Refleksjonsverktøy for arbeid med samiske perspektiv og urfolksperspektiv i lærarutdanninga. Publikasjonen gir viktige bidrag for å heve kompetansen både hos lærarutdannarar, lærarstudentar og lærarar.

Lanseringa av dembra.no på sør- og lulesamisk vil skje i tilknytning til Narviksenteret si markering av 10-årsjubileet for Dembra 20.–21. juni 2023. Dette er tre veker etter at Sannings- og forsoningskommisjonen har levert rapporten sin, og markeringa vil vere eit bidrag til kompetanseheving for lærarar og lærarstudentar om samiske tema. Målet er å presentere ein god strategi for å verkeleggjere intensjonane i Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) og fagfornyninga.

Dembra LU gjennomfører tematiske FoU-rundar i samarbeid med lærarutdanningsinstitusjonar. Ei satsing knytt til estetiske læringsformer er etablert, og ei satsing om konspirasjonsteoriar er i oppstartsfasen.

Ein planlagt gjennomgang og utviding av temasideane på dembra.no om samar og nasjonale minoritetar vil og bidra til kompetanseheving for lærarar og lærarstudentar. Det er mellom anna mogleg å utvide den didaktiske seksjonen på nettsida, med ein plan for lærarar og skuleleiarar med idear til korleis dei kan arbeida vidare med urfolks- og minoritetstematikk.

2. Stortinget ber regjeringa styrke innsatsen for å forebygge og bekjempe rasisme, hatprat og hets mot samer og nasjonale minoriteter gjennom konkrete, forpliktende og målbare tiltak utviklet i samarbeid med gruppenes organisasjonar og institusjonar.

Regjeringa vil innan utgangen av 2023 legge fram ein ny handlingsplan mot rasisme og diskriminering. Denne blir koordinert av Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Fokus i planen vil bli vegen inn i og opp i arbeidslivet og utfordringar med rasisme og diskriminering som ungdommane har. Planen skal vere generelt innretta og omfatte alle grupper som blir utsett for rasisme og etnisk og religiøs diskriminering, deriblant nasjonale minoritetar og samar. Innhaldet i planen vil bli fastsett på bakgrunn av innspel frå sivilt samfunn, fagmiljø og partane i arbeidslivet. Så langt har statsråd Mjøs Persen hatt innspelsmøter i Oslo, Tromsø, Bergen, Haugesund, Kristiansand og Trondheim. Ho har også vitja Sametinget i Karasjok der statsråden hadde møter om handlingsplanen med særleg fokus på hets av samar og fekk samtidig innspel om utfordringar og kva som kan vera moglege tiltak.

Regjeringa har lagt opp til at ei evaluering av *Handlingsplan mot antisemittisme 2021–2023 – en videreføring* skal vere klar i februar 2023. Etter det, vil regjeringa vurdere korleis me skal vidareføre innsatsen mot antisemittisme framover.

Samar og nasjonale minoritetar er små minoritetar i Noreg. Viktige tiltak for å gjera samar og jødar synlege i det norske samfunnet og motverke fordomar og rasisme, er Samiske vegvisarar og Jødiske vegvisarar. Den primære målgruppa for vegvisarordningane er

ungdom og vegvisarane vitjar vidaregåande skuler rundt om i landet. Dette er viktige førebyggjande tiltak mot rasisme og hets.

Regjeringa vurderer også korleis tiltaket i Hurdalsplattformen om å auke innsatsen mot hets på internett skal bli følgt opp. Kultur- og likestillingsdepartementet har eit koordineringsansvar.

Rapporten til Ytringsfridomskommissjonen *NOU 2022: 9: En åpen og opplyst samtale*, er sendt på brei høyring med frist 16. januar 2023. Rapporten inneheld også tilrådingar som gjeld hets og hatefulle ytringar. Kultur- og likestillingsdepartementet vil gå gjennom innspela saman med involverte departement, og vurdere korleis tilrådingane skal følges opp. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) forvaltar tilskotsordninga mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar på vegne av Kultur- og likestillingsdepartementet. I statsbudsjettet for 2023, foreslår regjeringa å sette av 19,6 millionar kroner over ordninga.

Kultur- og likestillingsdepartementet gir driftsstøtte til den norske Stopp hatprat-rørsle. Stopp hatprat har som mål å gi ungdom og ungdomsorganisasjonar verktøy, kunnskap og ferdigheiter som er naudsynte for å kjenne att hatprat og kunne handle mot brot på menneskerettane på nett.

Bufdir har en eigen kunnskapsportal om likestilling og levekår blant samar og nasjonale minoritetar. Portalen dekkjer tema som hatefulle ytringar og haldningar i befolkninga. Bufdir administrerer også nettsida hatytringer.no. Det gjennomførast dialogmøte rundt om i landet om rasisme og diskriminering i breid. Dette er i regi av dei regionale likestillings- og mangfoldssentra i samarbeid med Bufdir. Situasjonen for nasjonale minoritetar er tatt opp på fleire dialogmøte.

Den 6. desember 2022 lanserte HL-senteret rapporten «Holdninger til jøder og muslimer 2022». Kultur- og likestillingsdepartementet saman med Kunnskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartement, Justis- og beredskapsdepartementet og Barne- og familiedepartementet, finansierer haldningsundersøkinga. Departementa vurderer tilrådingane i denne rapporten, mellom anna i tilknytning til den nye handlingsplanen mot rasisme og diskriminering.

3. Stortinget ber regjeringa utvikle en veileder og ta initiativ til at kommunene utarbeider planer med konkrete, forpliktende og målbare tiltak for å forebygge og bekjempe hatprat/hets mot samer og nasjonale minoriteter.

Tildeling av oppgåver til kommunesektoren skal ha heimel i lov eller forskrift. Det vil seie at regjeringa ikkje kan pålegge kommunane å utarbeide planar mot hets mot samar og nasjonale minoritetar. Kommunane står likevel fritt til å utarbeide slike planer. Når det gjeld planar og tiltak for å forebygge hets og hatprat mot samar og nasjonale minoritetar, adresserer dei nasjonale handlingsplanane sjølvsgd også utfordringar i kommunane.

Kommunal- og distriktsdepartementet jobbar for å auke kunnskapen om samar og nasjonale minoritetar i offentleg forvaltning. I 2020 blei det lansert eit nytt og oppdatert e-læringskurs om samar og nasjonale minoritetar som er retta mot tilsette i kommunar, fylkeskommunar og statleg forvaltning. Kurset er utarbeida i kontakt med dei nasjonale minoritetane og med Sametinget. Kurset er lett tilgjengeleg på DFØs læringsplattform:

[E-læringsprogram om samer og nasjonale minoriteter | Læringsplattformen \(dfo.no\)](#)

Kommunal- og distriktsdepartementet har ein pågåande innsats for gjere kurset enda meir kjent og brukt i forvaltninga.

Kommunal- og distriktsdepartementet har utarbeida ein digital rettleiar om hat, hets og truslar mot politikarar og kandidatar, som er tilgjengeleg på [hatogtrusler.no](#).

[Hat og trusler – Veileder om forebygging og håndtering av hatefulle ytringer, hets og trusler mot politikere](#). Rettleiaren er et generelt tiltak som retta mot alle politikarar og kandidatar, som også omfattar politikarar som er samar eller høyrer til ein nasjonal minoritet.

4. Stortinget ber regjeringen utvikle et lavterskelverktøy på nett der man kan melde fra om opplevd eller observert hatprat/hets, uavhengig av om de konkrete hendelsene er politianmeldt.

Det er viktig at tenestene knytte til å handheva likestillings- og diskrimineringslova er lett tilgjengelege for alle. Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) gir gratis rettleiing om likestillings- og diskrimineringslova og kan også gi råd om korleis ein kan gå fram i ei diskriminerings sak. Diskrimineringsnemnda handsamar klagesaker etter likestillings- og diskrimineringslova. Nemnda er eit alternativ til domstolane i diskriminerings saker. Nemnda kan fatte vedtak eller gi fråsegn om diskrimineringslova er broten. Saksbehandlinga i nemnda er kostnadsfri.

Regjeringa er opptatt av at folk skal melde frå dersom dei blir utsett for rasisme eller diskriminering, eller dersom dei har spørsmål om dette. Regjeringa ønsker å styrke informasjonen om diskrimineringslova, handhevinga av lova og kor ein kan ta kontakt for å få bistand i enkeltsaker, til personer som er utsette for rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion. Bufdir vil levere ei utgreiing om dette i februar 2023.

Kultur- og likestillingsdepartementet er kjent med at det i enkelte land finnes digitale appar der man kan registrere tilfelle av diskriminering, men er usikker på om ein slik metode er vegen å gå. Kultur- og likestillingsdepartementet ønsker i 2023 mellom anna å hente inn erfaringar frå andre land.

I dag kan ein i dag melde frå om erfart eller observert hatprat og hets gjennom desse tenestene:

Tips til politiet

Politiet har ei døgnkontinuerleg bemanna tipsteneste, politiets telefon 02800 eller ved akutte hendingar nødnummer 112. Her kan det meldast i frå om lovbrøt som har skjedd eller som kan komme til å skje.

<https://tips.politiet.no/web/>

Det er og etablert ei eiga tipsteneste for hatefulle ytringar på nett:

<https://www.politiet.no/tjenester/tips-politiet/hatefulle-ytringer-pa-internet/>

Nettpatroljen til politiet

Nettpatroljen er til stades på nett og i sosiale media. Dei gir råd og rettleiing om kriminalitet på internett, og svarer på spørsmål. Nettpatroljen gir råd om korleis du kan førebyggje kriminalitet og er tilgjengeleg for alle som ønskjer dialog med politiet. Nettpatroljen tar og mot informasjon eller tips om kriminalitet på internett.

<https://www.politiet.no/rad/trygg-nettbruk/politiets-nettpatrolje/>

Støttesenter for kriminalitetsutsette

Støttesenter for kriminalitetsutsette er eit landsdekkande tilbod som gir informasjon, rettleiing og støtte til utsette for kriminalitet som til dømes vald, trugslar, utpressing, hatkriminalitet, seksuelle overgrep, mishandling eller krenking. Dei kan mellom anna gi rettleiing og informasjon om det å melde saker til politiet.

<https://www.politiet.no/kontakt-politiet/stottesenter-for-kriminalitetsutsatte/>

Samarbeid med Sametinget om å utarbeida ein rettleiar mot samehets

Politidirektoratet samarbeider med Sametinget om å følgje opp tiltak 16 i Sametingets handlingsplan mot samehets: å utforme ein rettleiar for korleis rapportera og melde om samehets. Det vil vere informasjon om andre stader ein kan vende seg for å få informasjon, rettleiing og støtte.

- 5. Stortinget ber regjeringen sørge for at alle politidistrikter i Norge bygger opp fagmiljøer som kan samle inn og publisere statistikk om de konkrete gruppene som er utsatt for hatefulle ytringer og hatkriminalitet, inkludert same og nasjonale minoriteter, etter klare nasjonale retningslinjer basert på metodikken som allerede benyttes av Oslo politidistrikt.**

Politidirektoratet har utarbeidd ein eigen handlingsplan for arbeidet til politiet med mangfald, dialog og tillit (2022-2025). Det er her særleg lagt vekt på tiltak som retter seg mot ulike minoritetar – mellom anna nasjonale minoritetar og samar. Handlingsplanen har tiltak som handlar om kompetanse og kunnskap om hatkriminalitet og utvikling av statistikk og analyse av hatkriminalitet som er meld til politiet. Den nasjonale statistikken skal vidareutviklast for å gi kunnskap om korleis hatkriminalitet rammar ulike grupper, også nasjonale minoritetar og samar.

Det er allerede etablert eit nasjonalt kompetansemiljø innan hatkriminalitet som skal bidra til å heve kompetansen i politidistrikta innan fagområdet og som kan rettleia i enkeltsaker.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik